

# STADNAMN EIKJABYGDA




Nerbo, måleri av Torleiv Stadskleiv. Foto: Bø Museum

## 1 LITT OM GARDEN NERBØ

Opphøvelg var det ein Bøgard med husestad på Bøhaugen. Ein gong i mellomalderen blei denne garden delt i tre, og delane fekk namn etter plassen der dei låg: Frambø, Midtbø og Nordbø. Seinare blei Frambø delt i tre att, og den sørlege delen blei kalla Nerbo. Men gardsdrifta gjekk ikkje så bra for dei eigarane, og etter få år måtte dei alle selja gardane sine. I 1782 blei Nerbo selt til kaptein Mathias Andreas Rye, som visstnok ætta frå Trøndelag. I dei vel 50 åra Rye-familien sat med garden, kom dei til å setja tydelege spor etter seg. Mathias Rye var ein bestemt kar, og som offiser var han vant til å bli lystra. I 1809 avanserte han til major, og bygdefolk kalla etter det garden for Majorbø. I 1784 sette Rye opp den store stugubygningen som framleis stend. På Nerbo voks det etter kvart opp ein barneflokk på seks, fire gutar og to jenter. Alle gutane fekk militær utdanning, og særleg tre av dei utmerkte seg. Lengst på den militære løpebanen nådde Olaf, som blei generalmajor i den danske hæren og urviste stort mot i den dansk-tyske krigen 1848-50. Han fall i slaget ved Fredericia 6. juli 1849. Ved Oterholt er det reist eit minnesmerke over han. Ein annan av sønene, Johan Henrik, blei embetsmann og politiker. Han gjorde ein stor innsats i rikspolitikken og var ei tid stortingspresident. Det var yngsteguten, Johan Mathias, som kom til å arbeide mest for Bøbygda. Han busette seg på garden Oterholt. Han var kaptein og sjef for Bøherriker kompani. Dessutan var han ordførar i Bø i 13 år. Etter kvart blei han utnemnt til oberstløytnant og flytte til Vestfold. Majoren på Nerbo hadde også avansert til oberstløytnant for han døde i 1818. Det blir fortalt at den store klokka i Bø kyrkje gjekk sund under ringinga i gravferda hans. Enka, Elisabeth Johanne, sat med Nerbo i 18 år før ho i 1836 fann kvilestad ved sida av mannen sin på Bøhaugen. I 1838 blei Nerbo kjøpt av Tor Gunnarson Brenne og kom dermed på bøheringshender att. Seinare har garden tilhørt same ætta. Eigarane har lagt stor vekt på husdyrhold, mange av dei har lagt ned mykje arbeid i landbruksorganisasjonar. Den gamle stugubygningen frå Ryes tid er freda.



General Olaf Rye frå Bø. Foto: Oslo Militære Samfund



Gården, Nerbo etter ein skisse teignt av generallieutnant Rye i 1844. Olaf Ryes tredje kone, Ellus Henrikk. De to første døde unge.

## MEIERIET I VEIRUD

Det fyrste meieriet i Bø og Telemark fylke vart oppretta og byrja i Veirud 18.11. 1869. Det var eit andels foretagende som nokre få gardbrukarar stod bak. Innlevert mjølkemengde var ikkje stor, bare dagleg 400 pottar (1 pott = 0,9651 L) mjølk om dagen, til ein pris av 2 1/2 skilling pr. pott. Ein gammal mann (Olav Glena) har ein gong fortalt at han som ung gut bar mjølk frå garden Borgja i bakmeis på ryggen til "Veirud-meieriet", som han kalla det. Der kjøkenet var i den gamle stovebygningen som no er rivn, var det meieriet hadde tilhald. Men så brann uthusa i Veirud, som nok også har vorte nytta til meieriet, og meieriet blei lagt ned i 1872.



Den gamle bygningen i Veirud der det var meieridrift. Foto: Landtveit



Ysteriet på Staurheim. Foto: Smedstad

## YSTERIET PÅ STAURHEIM

På Staurheim drev dei med ysting i 1870-80 åra, det er eit eige lite hus på garden som vert kalla Ysteriet, dette huset er nå restaurert, og står den dag i dag på Staurheim.



Gammelt stjern til merking av ost. Foto: Smedstad



Olav O. Moland med ein av storkokane sine. Foto: Bø Museum



Olav Moland d.e. i arbeid saman med sonen Halvor i tunet på Moland. Bygningen til venstre i bildet er verkstaden. Foto: Bø Museum

## ROKKAR I TRE GENERASJONAR

Rokkemakarvegen går gjennom tunet på garden Moland. Her har det blitt laga rokkar i bortimot 100 år, heilt frå Olav Olavson Sjøjord (1839-1929) som tjuetåring starta produksjonen. Rokkane til Olav blei snart populære over store delar av Telemark. Molandrokkane var lette i bruk, og dei tok seg godt ut, måla i friske fargar. Etter som sonen Halvor (1878-1955) voks til, overtok han ansvaret for verksemda. Han utvida også arbeidsområdet ved å laga møblar, og han syntte seg å vera ein dyktig treskjarar. Dette kom til uttrykk m.a. i lysekronene som han laga. Etter kvart gav han seg i kast med modellering og laga skulpturar i gips og leire. Allsidig som han var, drev han også med ut- og innveksling av dyr og laga til med gebbis i aluminium for folk. Dessutan var han ein meister i å foretja. Da kunne han "finne på" historier så tilhøyrarane sat som fjetra.

Halvor fekk hjelp i verkstaden av sonen Olav (1919-2005). Men etter krigen minka etterspurnaden etter rokkar, og produksjonen tok slutt. Smia og verkstaden blei rivne, men Bø Museum tok vare på verkty, maskinar og modellar. Dette kan ein sjå i samlingane til smia. I Molandstunet stend framleis den eldste bygningen og Gamlestugu, som blei flytt ned frå plassen Tjøna. I vegkanten nedfor Moland stend Kruskefuro, ei furu med særmerkt vokster.



Torleiv Stadskleiv ved staffelet, trolig i Kveldshytta. Foto: Bø Museum



Frå Lifjell. Måla av Torleiv Stadskleiv



Drommeren, måla av Halfdan Egedius, Torleiv Stadskleiv sitt modell i Bostugu.

## KUNSTNAREN I KVELDSHYTTA


Bildekunstnaren Torleiv Stadskleiv (1865-1948) budde det aller meste av livet i heimbygda Bø. Alt frå barneår syntte han særmerkte evner. Som attenåring kom han inn på teikneskule i Oslo, der han var i fleire år. Etterpå fylgde læretår her heime og i utlandet, m.a. i Danmark og Tyskland. Sjølv meinte Stadskleiv at han hadde lært mest av Erik Werenskiöld. Men heimbygda kalla han stadig tilbake, og det var her han møtte den unge Halfdan Egedius som døde bare 21 år gammal. Torleiv stod modell til fleire av Egedius sine bile, m.a. Drommeren og Spill og dans. Samarbeidet med Egedius sette djupe spor, og saknet av den gode venen prega Stadskleiv livet ut. Torleiv Stadskleiv blir omtala som "ein framifrå teiknar". Motiva henta han helst frå natur og folklev i bygda. Han budde på ulike plassar, men i 1930 fekk han tomt i Stadskleiv og fekk bygd huset sitt, Kveldshytta. Sommartid var han på farten etter motiv, og da var det lite å sjå til han heime. Han heldt seg mykje i Skrubbehiet, ei lita hytte i Oksladalen på Lifjell. Torleiv Stadskleiv hadde stor produksjon, og mange heimar i Bø har bilede han har laga. Bø kommune eig mange bilede med hans signatur, og til hans minne har eit rom i kulturhuset Gullbring fått namnet Galleri Stadskleiv.



Bilde frå område i Håsarudhåttan.

## 6 HÅSARUDHÅTTEN

Håsarudhåttan er namnet på eit skogstykke mellom Borgja og Staurheim, avgrensa av Håsarudbekken og Bordvegen. Området, som tilhører garden Staurheim, er rikt på kulturminne. Her er det bevara over ti gravhaugar, fleire holveggar og ei stor kolmyle, i tillegg til den historiske Bordvegen. I Håsarudhåttan står ei oppslagstavle. Følgjer ein rundlopa SPINNEHJULET merka med blått og spinnehjulsymbolet som er vist på den tavla, vil du kunne sjå nesten alle dei kjente kulturminna. Der vil du også få eit innblikk i bruken av Håsarudhåttan dei siste 2000 åra.



Spinnehjul for spinning av ull. Furne på Staurheim.

